



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
55/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-M60	18/655

### **BIR - UTTALE TIL UTBYGGING AV BOSSNETT UTANFOR BERGEN SENTRUM OG KONKURRANSEUTSETTING AV INNSAMLING AV AVFALL**

#### **Vedlegg:**

BIR, utbygging av bossnett utenfor Bergen sentrum  
Sak XX-18 - Utbygging av bossnett utenfor Bergen sentrum - Beslutnings sak  
Eegnregi eller konkurranse  
Sak, konkurranseutsetting eller egen drift

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdal kommune er positiv til modell for utbygging av bossnett utanfor Bergen sentrum
- 2a. Vaksdal kommune ynskjer ikkje konkurranseutsetting av innsamling av avfall eller
- 2b. Vaksdal kommune ynskjer konkurranseutsetting av innsamling av avfall

#### **Saksopplysningar:**

##### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

BIR AS har sendt spørsmål til eigarkommunane knytt til utbygging av bossnett og innsamling av husholdningsavfall. Vaksdal kommune skal gje uttale i spørsmåla.

##### **Bakgrunn for saka**

Saken vart sendt eigarkommunane i mai 2018 og har vore til behandling politisk i kommunane i haust/vinter. Ved ei misforståing er saka ikkje fremja i Vaksdal tidlegare. Etter avtale med BIR vert saka behandla i kommunen før sommaren.

##### Bossnett

BIR har sendt spørsmål om modell for utbygging av bossnett utanfor Bergen sentrum og spørsmål om framleis einerett for innsamling av privat husholdningsavfall ut på høyring i eigarkommunane.

Fortetting og urbanisering skjer ikkje berre i Bergen sentrum, men er aktuelt fleire stadar i Bergen kommune og i øvrige eigarkommunar utanfor Bergen. Det er utarbeida ein modell for

vidare utbygging av bossnett.

Føresetnadane for slik utbygging er at:

- Lovpålagte brukarar av anlegga betalar eit brukarpåslag identisk med allereie vedtatt brukarbetaling i Bergen sentrum
- Kostnadsreduksjon for BIR Privat ved bossnettløysinga inkluderer som inntekt for utbygginga
- Næringsdrivande i eit område får høve til å nytte løysinga etter same prismodell som for Bergen sentrum
- Anleggsbidrag frå utbyggjarar på naudsynt nivå slik at investeringa ikkje påverkar resterande lovpålagt kundemasse negativt

Vidare vil det vera avgjerande at den aktuelle kommunen ynskjer bossnettet som som avfallsløysing.

#### Konkurransetsetting

BIR har og sendt spørsmål til kommunane om konkurranseutsetting eller egendrift av innsamling av privat hushaldningsavfall. Spørsmålet vart aktualisert etter tidlegare konkurs i RenoNorden den 18.9.2017. Einerett til innsamling vart etter dette tildelt BIR Transport AS for perioden 28.9.2017-31.12.2019. For å sikre tilstrekkeleg tid til planlegging dersom dette arbeidet no skal ut på konkurranse, eller arbeidet skal halda fram som ein einerett for BIR Transport AS, ber BIR om ein tilbakemelding på om Vaksdal kommune ynskjer at arbeidet skal konkurranseutsetjast. BIR vil samordne kommunar som ynskjer konkurranseutsetting.

#### **Formelt grunnlag**

Lovverk

Eigarkommune i BIR AS

#### **Vurdering og konsekvensar**

Rådmannen ser at auka fortetting og urbanisering set krav til nye løysingar ut over tradisjonelle renovasjonsløysingar. Dette gjeld ikkje berre i Bergen sentrum, men og i fleire større utbyggingsområder både innanfor Bergen og i omegnskommunar.

Modellen som er valt ivaretar eigarkommunar som ikkje ynskjer slik avfallsløysing. Ordninga er formulert som eit tilbod til områda med mest utbyggingspress, og der utbygging ikkje skal føre til kostnadsauke for øvrige abonnentar i BIR samarbeidet. Rådmannen tilrår å godkjenne modellen som er lagt til grunn.

I spørsmålet om konkurranseutsetting eller egenregi viser rådmann til BIR sin gjennomgang om omsyn som kan påverke denne avgjerda i vedlagt dokument. Spørsmålet er av politisk karakter, og rådmannen legg fram to alternative framlegg til vedtak.

Rådmann viser til tilsendt dokumentasjon og adm.dir Steinar Nævdal sin orientering i formannskapet.